



Saksnr	Sak	Møtedato
016/17	Høyring valreglar sokneråd og bispedømmeråd	01.06.2017

## Saksframstilling:

Kyrkjerådet sendte 27. mars 2017 ut høyring om nye reglar for val av sokneråd, bispedømmeråd og kyrkjemøte. Sokneråda er ein av høyringsinstansane.

Det er laga ein kortversjon av høyringsdokumentet som kan lesast på denne lenka:

[https://kirken.no/globalassets/kirken.no/om-kirken/slik-styres-kirken/kirkeradet/2017/horinger-i-kirkeradets-regi/nye-valgregler/hoeringsnotat\\_nye\\_regler\\_valg\\_av\\_menighetsraad\\_og\\_bispedommeraad\\_kortversjon.pdf](https://kirken.no/globalassets/kirken.no/om-kirken/slik-styres-kirken/kirkeradet/2017/horinger-i-kirkeradets-regi/nye-valgregler/hoeringsnotat_nye_regler_valg_av_menighetsraad_og_bispedommeraad_kortversjon.pdf)

Saka vidare tar utgangspunkt i kortversjonen.

Det kyrkjelege demokratiet har vore i utvikling over tid, særleg som følgje av demokratireforma frå og med kyrkjevalet i 2009. Det er i dag to sett reglar, eit for val av sokneråd og eitt for val av bispedømmeråd/kyrkjemøte. Kyrkjerådet foreslår i høringa at desse blir slått saman til eit sett, og at relande skal ligge så tett opp til vallova sine bestemmelsar for val av kommunestyre, fylkesting og storting som mogeleg. Det er likevel naudsynt med nokre unntak som handlar om særlege kyrkjelege forhold.

Kortversjonen av høyringsdokumentet er nummerert, og det vil bli referert til nummer og sidetal i det vidare. Det er mange spørsmål i høringa, men kyrkjeverja har peika på dei spørsmåla ho meiner er mest sentrale. Rådet står fritt til å leggja til eller trekka frå problemstillingar i endeleg vedtak. Kyrkjeverja sine framlegg er alle henta frå del 2 i kortversjonen.

## 2.1: Direkteval eller kombinasjonsval (s.2)

- I dagens ordning har ein i Bjørgvin og Stavanger ein kombinasjon av direkte og indirekte val. Alle dei andre bispedømma har direkteval. I kombinasjonsval er det slik for Bjørgvin sin del at kyrkjemedlemmane i bispedømmet vel fire medlemmar til bispedømmerådet direkte. Dei tre resterande blir valt av dei nyvalde sokneråda i Hordaland og Sogn og Fjordane. Høyringa peikar på bakdelar med dette i forhold til at endeleg resultat av valet ikkje blir kjent før 3 månader etter valet, og vidare at nokre kyrkjemedlemmar får stemme to gonger (medlemmar av sokneråda). Ein ulempe som peikast på i høyringa er at ordning med kun direkte val reduserer samanhengen mellom sokneråd og bispedømmeråd.
- Ein har i høyringa peika på at ein både kan vidareføra dagens ordning, gå over til direkte val i alle bispedømer eller gå over til kombinasjonsval i alle bispedømer. Ein har ikkje peika på at alle bispedømer kan gå over til indirekte val. Fordelar med det siste vil kunne være at det blir større engasjement rundt val av sokneråd fordi det er desse som skal velje bispedømmeråd, at ein får ein klar og tydeleg link mellom soknenivået og bispenivået, og at soknerådet dermed får ein tett link mot kyrkjemøtet (som består av bispedømmeråda). Det er også viktig å påpeike at indirekte val er den vanlegaste måten å velje på, både i



# DEN NORSKE KIRKE

Sund kyrkjelege fellesråd

idrettsbevegelsen, hjå politiske parti og i dei aller fleste kristen organisasjonar og frivillige organisasjonar

- For Bjørgvin sin del vil det å gå over til kun direkte val bety at Hordaland vil få ein kanskje uforholdsmessig stor andel av bispedømmerådsmedlemmane, sidan Hordaland er så mykje større.

**Framlegg til høyringsvar:** Sund sokneråd ber kyrkjerådet vurdere overgang til indirekte val for alle bispedømmer, då dette er i samsvar med dei aller fleste medlemsorganisasjonar, innen idrett, politikk, kristne organisasjonar og frivillige organisasjonar. Dette vil sikre ein viktig link mellom dei lokale, dei regionale og det nasjonale styringsorgan i kyrkja. Om ein ikkje vel dette vil Sund sokneråd peika på at Bjørgvin må få halde fram med kombinasjonsval for å ivareta Sogn og Fjordane sin representasjon i bispedømmerådet.

## 2.2 Fleirtals- og høvetalsval, fristar og innlevering (s.3)

- Då det ikkje har vært vanleg med fleire enn ei liste ved vala før 2015 har ikkje dette vært ein aktuell problemstilling. Då Åpen folkekirke har gitt signal om at dei også ved valet i 2019 ønsker å stille liste er det viktig å få drøfta problemstillingen.
- 
- Alternativ 1: Vidareføring: Dagens ordning er slik at ein set ned ein nominasjonsnemnd som lagar eit framlegg til ei heilskapleg liste basert på kjønn, geografi, ståstad i ulike saker, alder osv. Dersom andre ønsker å stille liste er det anledning til det etter at nominasjonskomiteen si liste er lagt fram
- Alternativ 2: Ein kan jusere dette opplegget ved at ein ber alle grupperingar som vil stille liste om å gjere det innan samma frist som nominasjonskomiteen si liste. Dette vil gje listene likare betingelsar, samtidig som ordninga liknar på tidlegare ordning som er kjent for velgjarane.
- Alternativ 3: Ein går ut med ein oppmoding om å melde sin interesse for å stille liste innan ein gitt frist. Dersom ein eller fleire grupperingar melder slikt ønske blir det ikkje sett ned nominasjonskomite. Dersom det ved endeleg frist føreligg minst to godkjente lister blir det høvetalsval. Dersom ingen melder interesse for å stille liste set ein ned nominasjonskomite slik ein har gjort tidlegare, og valet blir då eit fleirtalsval. Dersom det ved endeleg frist føreligg kun ei godkjent liste frå ein gruppering blir det i tillegg nedsett ein nominasjonskomite som lagar ei heilskapleg liste, og valet blir eit høvetalsval. Skulle det ved endeleg frist ikkje føreligge godkjente listeforslag set ein ned nominasjonskomite, og valet blir eit fleirtalsval.
- Alternativ 4: Dette kan være ei ordning med utgangspunkt i fleire sjølvstendige lister, og utan nominasjonskomite. Ein går då ut med melding om at interesentar som vil stille listeframlegg må melda seg innan ein gitt frist. Detsom minst ein gruppering melder dette blir det ikkje sett ned nominasjonskomite. Sjølv om det kun er for eksempel ein gruppering som då stiller liste vil det likevel ikkje settast ned nominasjonskomite. Denne blir kun satt ned dersom det ikkje føreligg nokon lister.

**Framlegg til høyringsvar:** Sund sokneråd vil anbefale at ein vel alternativ 2 der ein justerer dagens opplegg slik at grupperingar som vil stille liste blir beden om å gjere dette innan same frist som nominasjonskomiteen.



## 2.3 Tilskotsordning for finansiering av nomineringsgrupper m.m (s. 5)

- Ved kyrkjevalet i 2015 var det ikkje ein sentral tilskotsordning for grupperingar som stilte lister.
- Målet er å nærme seg politiske val, og derfor foreslår ein i høyringa at det skal vurderast ei tilskotsordning

Alternativ 1: Ei ordning som tar utgangspunkt i at ein først får ei intensjonsstøtte når ein har meldt intensjon om å stille liste, og dernest får ei listestøtte når lista faktisk er fremma og godkjent. Denne skal brukast til å få gjere kjent si liste. Dersom ein har ei liste frå ein nominasjonskomite vil også denne være berettiga støtte.

Alternativ 2: Tilskotsordning kor nomineringsgrupper kan søka kyrkjerådet eller valrådet om midlar til informasjonsarbeid og andre demokratiske aktivitetar ifm valet.

**Framlegg til høyringsvar:** Sund sokneråd vil anbefale at ein legg til rette for ei ordning med intensjonsstøtte og listestøtte (alternativ 1).

## 2.4 Personvalreglar (s. 7)

Personstemmer og strykningar: Kyrkjerådet ber om innspel på talet på tilleggsstemmer og eventuelt strykningar.

Sperregrense: Kyrkjerådet ber om innspel på anten ingen sperregrense, 4 prosten sperregrense eller 8 prosent sperregrense.

Stemmetillegg: kyrkjerådet ber om innspel på om ein kan la eit visst antal av dei øvste kandidatane få eit stemmetillegg.

**Framlegg til høyringsvar:** Sund sokneråd vil at ein skal halde fram med dagens ordning der det kan bli gitt inntil tre tilleggstemmer og ikkje vil være høve til strykningar. Vidare meiner vi at ei sperregrense på 4 % kan være tilrådeleg. Det bør også være høve til å gje dei øvste kandidatane på ei liste eit stemmetillegg.

## Framlegg til vedtak

Sund sokneråd takkar for tilsendt høyringsframlegg om nye reglar for val av sokneråd, bispedømmeråd og kyrkjemøte, og vil gje følgjande høyringsvar:

- 1) Sund sokneråd ber kyrkjerådet vurdere overgang til indirekte val for alle bispedømmer, då dette er i samsvar med dei aller fleste medlemsorganisasjonar, innen idrett, politikk, kristne organisasjonar og frivillige organisasjonar. Dette vil sikre ein viktig link mellom dei lokale, dei regionale og det nasjonale styringsorgan i kyrkja. Om ein ikkje vel dette vil Sund sokneråd peika på at Bjørgvin må få halde fram med kombinasjonsval for å ivareta Sogn og Fjordane sin representasjon i bispedømmerådet.
- 2) Sund sokneråd vil anbefale at ein vel alternativ 2 der ein justerer dagens opplegg slik at grupperingar som vil stille liste blir beden om å gjere dette innan same frist som nominasjonskomiteen.



# DEN NORSKE KIRKE

Sund kyrkjelege fellesråd

- 3) Sund sokneråd vil anbefale at ein legg til rette for ei ordning med intensjonsstøtte og listestøtte (alternativ 1).
- 4) Sund sokneråd vil at ein skal halde fram med dagens ordning der det kan bli gitt inntil tre tilleggstemmer og ikkje vil være høve til strykningar. Vidare meiner vi at ei sperregrense på 4 % kan være tilrådeleg. Det bør også være høve til å gje dei øvste kandidatane på ei liste eit stemmetillegg.

## Møtebehandling

### Vedtak

#### Framlegg til vedtak

Sund sokneråd takkar for tilsendt høyringsframlegg om nye reglar for val av sokneråd, bispedømmeråd og kyrkjemøte, og vil gje følgjande høyringssvar:

- 1) Sund sokneråd ber kyrkjerådet vurdere overgang til indirekte val for alle bispedømmer, då dette er i samsvar med dei aller fleste medlemsorganisasjonar, innen idrett, politikk, kristne organisasjonar og frivillige organisasjonar. Dette vil sikre ein viktig link mellom dei lokale, dei regionale og det nasjonale styringsorgan i kyrkja. Om ein ikkje vel dette vil Sund sokneråd peika på at Bjørgvin må få halde fram med kombinasjonsval for å ivareta Sogn og Fjordane sin representasjon i bispedømmerådet.
- 2) Sund sokneråd vil anbefale at ein vel alternativ 2 der ein justerer dagens opplegg slik at grupperingar som vil stille liste blir beden om å gjere dette innan same frist som nominasjonskomiteen.
- 3) Sund sokneråd vil anbefale at ein legg til rette for ei ordning med intensjonsstøtte og listestøtte (alternativ 1).
- 4) Sund sokneråd vil at ein skal halde fram med dagens ordning der det kan bli gitt inntil tre tilleggstemmer og ikkje vil være høve til strykningar. Vidare meiner vi at ei sperregrense på 4 % kan være tilrådeleg. Det bør også være høve til å gje dei øvste kandidatane på ei liste eit stemmetillegg.